



Ove Myhre, Kristian O. Bringedal og Johannes Feet var i kveld og gjorde plassen klar til arrangementet.

Styret i friluftslaget minner om arrangementet på Stemneplassen tirsdag kl.19. Dei håpar godt fram møte, og mykje liv og moro i det fine sommarveret. Programmet inneheld mykje song og musikk, noko er velkjent medan noko er nytt, spennande og internasjonalt.

Musikklaget stiller i to avdelingar med lett og publikumsvennleg musikk som passar godt på slike utearrangement. Kristian sine allsongåvdelingar skaper alltid god stemning både ute og inne. Dette er velkjende programpostar for bygdepublikummet.

Nytt og spennande vert det å høyre Diani Garcia frå Mexico. Ho skal bidra med latinamerikanske viser til eige gitarakkompagnement. Vi som har høyrte henne før veit at det er noko å glede seg til. Nytt, spennande og internasjonalt vert og innslaget med Daniel Roman, som for tida er uskedeling, men opphaveleg frå Romania. Han spelar harmonika, og likar helst å spele saman band. Denne kvelden stiller han åleine for å gje publikum ein liten smakebit på spelet sitt. Spennande opptredenar, begge to!

I tillegg vert det ein liten kjekk natursti. Arrangøren tar ikkje inngangspengar, men for å skaffe pengar til drifta av Stemneplassen, vert det utlodding med lokale bøker som gevinstar.

Det er lova flott ver. Johannes Feet, Ove Myhre og Kristian O. Bringedal frå styret har i kveld pussa og stelt i stand plassen. Det ligg an til ein koseleg sommarkveld på den vakre Stemneplassen!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.